



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 55 57 23 69

Vår dato
14.01.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2013/14368
Dykkar referanse

Til kommunane:

Bømlo, Eidfjord, Fusa, Jondal, Radøy, Samnanger, Sveio og Ullensvang

Varsel om tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane i 2014

Fylkesmannen i Hordaland har i løpet av 2012 og 2013 fullført tilsyn med dei 16 første kommunane i den 4. tilsynsrunden (kvar runde tek 4 år) med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane i Hordaland.

Jamfør kgl. res. av 18. april 2008 nr. 48 "Instruks for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet til Fylkesmannen og Sysselmannen på Svalbard", skal Fylkesmannen med heimel i gjeldande lov- og forskriftsverk m.a. føre tilsyn med fylkeskommunen og kommunane.

Når det gjeld krav til kommunane på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet viser Fylkesmannen særskilt til:

- Lov av 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret
- Forskrift av 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt

Samt for Hordaland fylkeskommune:

- Forskrift av 14. juni 2005 nr. 548 om sivil transportberedskap

Fylkesmannen vil i 2014 halde fram på fjerde tilsynsrunde med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, og 2014 står følgjande kommunar for tur:

- Bømlo
- Eidfjord
- Fusa
- Jondal
- Radøy
- Samnanger
- Sveio
- Ullensvang

I tillegg kjem tilsyn med Bergen kommune. Det tilsynet skulle etter planen vore gjennomført i 2013, men vart utsatt.

Med verknad frå 2012 har Fylkesmannen lagt opp til følgjande prosess:

1. Generell informasjon til kommunane om kommande års tilsyn (dette brevet).
2. Formøte hjå Fylkesmannen i Hordaland. Om lag ein måned før sjølve tilsynet vert den kommunale beredskapskontakten invitert til formøte hjå Fylkesmannen. På dette møtet vil vi gå gjennom våre forventningar, og avklare eit opplegg for sjølve tilsynsdagen og den påfølgjande dag med synfaring i kommunen. Vidare skal den kommunale beredskapskontakten presentere kommunens arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, og gjere greie for mellom anna oppbygging og struktur i arbeidet. Dokumentasjon til tilsynet, slik som kommunens ROS-analysar, beredskapsplanar og andre relevante dokument, skal seinast overleverast i dette møtet, både elektronisk og på papir. Dette for å sikre at Fylkesmannen har siste utgåve av den dokumentasjonen som skal leggjast til grunn tilsynet.
3. Etter formøtet vil tilsynsgruppa hjå Fylkesmannen gå gjennom dokumentasjonen, og eventuelt søke opp eller etterspørje tilleggsdokumentasjon dersom det er nødvendig.
4. Tilsynsdagen tek til med eit opningsmøte der vi gå gjennom forventningar til samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, samt gjer greie for tilsynsopplegget. Deretter vert det gjennomført individuelle samtalar med utvalde personar i kommuneorganisasjonen.
5. Den påfølgjande dagen ønskjer vi å nytte til dialog og synfaring i kommunen for å verte betre kjent med lokale tilhøve. Føremålet er å sjå på risikotilhøve, sårbare objekt, risikoobjekt, naturgjeve risiko med meir. Kommunen må gjerne kome med framlegg til tema det er ønskjeleg å diskutere. Vi understrekar at denne dagen ikkje er ein del av tilsynet, men når vi først er ute, ser vi det som føremålstenleg for baa partar å setje av tid til ein slik dag. Normalt ber vi kommunen setje opp program for denne dagen og sende det til oss seinast ei veke før tilsynet.
6. Oppsummerande møte (sluttmøte) etter tilsynet vil verte gjennomført 1 – 2 veker etter sjølve tilsynet, gjerne som video- eller telefonkonferanse når det er føremålstenleg.
7. Etter sluttmøtet vil kommunen først få tilsendt førebels tilsynsrapport viss det er avdekt avvik. Deretter vil det bli sendt ut endeleg tilsynsrapporten med svarfrist.
8. Kommunen utarbeidar ein forpliktande plan for oppfølging av eventuelle avvik og merknader. Denne sendast til Fylkesmannen innan fristen gjeve i tilsynsrapporten. Vidare skal kommunen undervegs òg orientere Fylkesmannen om framdrifta jf. spesifisering i tilsynsrapporten.
9. Ved starten av 4. tilsynsrunde skisserte vi eit ønskje om å følgje opp kommunane med ei øving ca. ½ - 1 år etter tilsynet. Denne ambisjonen har vi dessverre ikkje hatt kapasitet til å følgje opp.

I tabellen under har vi sett opp framlegg til tidspunkt for tilsyn i dei 8 kommunane (+ Bergen) som skal ha tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i 2014:

Kommune	Sist tilsyn	Tid for formøte	Tid for tilsynsbesøk
Bergen (flytta frå 2013 til 2014)	08.-09.06.2009	12.02.2014	12. og ev. 13. mars
Bømlo	15.09.2010	Veke 34	9. og 10. september
Eidfjord	25.03.2010	Veke 20	12. og 13. juni
Fusa	16.06.2010	Veke 14	29. og 30. april
Jondal	07.06.2010	Veke 35	23. og 24. september
Radøy	20.04.2010	Veke 9	25. og 26. mars
Samnanger	08.03.2010	Veke 11	8. og 9. april
Sveio	05.05.2010	Veke 15	6. og 7. mai
Ullensvang	24.03.2010	Veke 18	27. og 28. mai

I forkant for kvart tilsyn vil Fylkesmannen ta kontakt med kommunen for å avtale nærare detaljar for gjennomføringa, mellom anna stad, tidspunkt, deltakarar mv. Vi forventar som eit minimum at ordførar, rådmann og beredskapskontakt deltek frå kommunen si side. I tillegg er det ein føremon om kommuneoverlege og brannsjef deltek på oppstarts- og slutt møte. Eventuelle andre deltakarar vil verte avklart i forkant av det ein skilde tilsynet.

Vi ber dei kommunane som skal ha tilsyn i 2014 om innan 10. februar 2014 å stadfeste at oppsette tidspunkt høver for kommunen. Eventuelt ber vi om framlegg til alternative tider for gjennomføring.

Eventuelle spørsmål til dette brevet eller tilsynsopplegget kan rettast til:

fylkesberedskapssjef Arve Meidell, tlf. 55 57 21 10, e-post fmhoame@fylkesmannen.no,
eller seniorrådgjevar Fredrik Arnesen, tlf. 55 57 23 69, e-post fmhofra@fylkesmannen.no.

Med helsing

Arve Meidell e.f.
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi: Resterande kommunar i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.